

Styret si årsmelding for 2019 – mannskoret Ågapet

Årsmøtet for 2018 vart halde 24/1 2019 her i øvingsromet og alle møtte. I året som har gått var Geir Notodden leiar, Tore Midtsund kasserar, og Leif Roholdt sekretær. Erling Tveiten vart vald til revisor. **Adressa på heimesida er: agapet**, passord: Det er særst viktig i dag å marknadsføre koret både for rekrutering og for å få oppdrag. Geir har gjort ein framifrå jobb med å få oss på «lufta» og det er mange som lyttar, kommenterer og skryt av det vi presterar.

Koret har hatt 14 betalande medlemer og kontingenten vart sett til kr 1000,-

Øvingar: Vi måtte i år endre både øvingsstad og øvingsdag. Øvingsstad på grunn av oppussing av skulen og øvingsdag av di Stan fekk tilbod om bli med i Telemark Symponiorkester som hadde øvingane si på måndag. Alt har likevel fungera bra. Matsserveringa har gått på omgang. Vi er glade over at Stan held fram som dirigent.

Styremøter: Vi har hatt 2- 3 styremøter. Dei viktigaste sakene var konserten med Geir Lystrup og vegen vidare for koret. Rekrutering har vi tala mykje om og Geir har kursa oss om korleis koret bør drivast og kva for måsetting vi bør ha.

Konsertar / framføringar: I år hadde vi konsertane med **Geir Lystrup** som satsing. Dette vart gjort i samarbeid med Tokke songlag og vi hadde øvingar saman med dei i Høydalsmo. 28. og 29. september hadde vi framføring i Kviteseid og Tokke. Det kom heller lite folk, særleg i Tokke, og vi fekk eit lite minus i rekneskapen. Vi læret mange nye songar og hadde det hyggeleg saman med Tokke songlag. **Kåsaskulen** hadde jubileum i år og vi vart bedne om å bidra med song i Brunkeberg kyrkje 26. mai. **Arne Austjord** som hadde vore trufast medlem i koret i over 10 år døyde og vi deltok i gravferda frå Fyresdal kyrkje 31.mai. Det var fullsett kyrkje og vi song Stjernesangen og Tebe Poem. **Skisporten si store vogge** vart opna i Morgedal 10. juni og vi song No livar det i lundar og Når som Noreg i sylvkåpa glimar.

Hautsesongen starta vi med ei særst hyggeleg samkome hos **Tore Midtsund** 14. august. Grillhytta/ lysthuste vart fylt med glade songarar som nytte det som vart servera. I august fekk vi den triste meldinga at **Magne Kvålseth** var død. Vi song i gravferda frå Brunkeberg kyrkje 30. august. **Vrådal kyrkjelyd** hadde den tradisjonelle adventskonserten 5. desember og **Kviteseid kyrkje** 15. desember.

30. september møtte **Ottar Gjersund** oss for fyrste gong, vi gler oss over tilveksten og vonar at ungguten vil blir verande.

Det er viktig at vi trives og har positive opplevingar saman. Ei herleg forsmling med ein inspirerande dirigent.